

Varelagerskjema m.m. til årsoppgjeret 2025

Her er litt info om varelagerskjemaene / årsoppgjørsskjemaene for 2025:

Vi sender ut seks skjema til dei som driv landbruk. Dei fire første skjema gjeld landbruket, viss du har anna næring i tillegg skal skjema nr. 5 og 6 fyllast ut. Driv du kun anna næring får du tilsendt fire skjema. Aksjeselskap skal ikkje fylla ut skjemaet «opplysningar til skattemeldinga».

Landbruk

1. Varelager pr. 31.12

2. Oppgåve over dyretal 31.12

3. Opplysningar til skattemeldinga

4. Nøkkeltalsanalyse og effektivitetskontroll

5. Varelager, anna næring

6. Arbeid utført, ikkje fakturert

Anna næring

1. Varelagar, anna næring

2. Opplysningar til skattemeldinga

3. Arbeid utført, ikkje fakturert

4. Bruk av bil i AS

Elektronisk levering:

Du kan fylla ut skjema direkte i PDF-fila, velg da den vedlagte årsoppgjørsskjema elektronisk filen.

Viss du ønskjer å levere elektronisk finn du skjemaene på heimesida til Jæren Rekneskapslag, eller som vedlegg i tilsendt e-post. På heimesida finn du skjemaene nedst på «hjem» sida. Opne eller last ned skjemaene som passar din bedrift etter om det er jordbruk, eller anna næring du driv. **Husk å fylla ut alle skjemaene** som er aktuelle for deg. Etter at du har fylt ut alle sidene klikkar du på «lagre som» og lagrar skjemaet (PDF-fila) en plass du finn det igjen, så sender du det til oss som vedlegg til ein e-post. Sender du det inn elektronisk på e-post treng vi ikkje underskrift. På denne måten slepp du å skrive ut skjemaene og skanne dei inn igjen etter at du har signert. Men skriv i e-posten kven som er avsendar av skjemaene.

Vi har låst de cellene der det ikkje skal skrivast noko, slik at det er lett vint å hoppe frå rute til rute i skjemaet ved hjelp av tab knappen på tastaturet.



Takk for godt samarbeid i året som har gått!